

# Trimpostar 2018


**Trimgruppa har 18 fine turmål i nærområdet.  
Vi har turmål som passer for både store og små.**

Turane du går, kan du registrere på eit turkort vi har laga til. Desse turkorta får du kjøpt hos Spar Valldal frå 1. mai. Då skal bøkene vere på plass med nye kodar. Er det nokon som går på tur og ikkje finn rett kode, er det berre å ta kontakt med trimgruppa. Før 1. november leverer du turkortet på Spar der du har notert alle turane dine, og du er med i trekninga av premie og gåvekort.

Alle barn opp til 10 år som har gått over 6 ulike postar vil få premie :-)+ eit gåvekort på 300 kroner til den med flest poeng.

Barn mellom 10 - 16 år som har gått over 8 ulike postar og med flest poeng får gåvekort. 1 plass 400,- 2 plass 300,- og 3 plass. 200,-

16 år – vaksne: Alle som har levert kort med 8 postar eller meir er med på trekning av uttrekspremiar. + gåvekort på 500 kroner til den med flest poeng.



**I år lokkar vi òg med  
mange flotte premiar.**

Følg oss på Facebook: Valldal IL Trim

*Kontaktperson:*

Andreas Håvoll tlf. 91 88 97 45  
Jørg Barthel tlf. 94 18 27 98

**God tur,** og husk alltid og ha noko godt med i sekken om ein er på lang eller kort tur...

# 18 fine turmål

## **Trimpost 1 – Vardefjellet (893 moh) – 3 poeng**

Parkering i Lingåsen (200 moh), ev. bomveg (3 km) til Klovset (500 moh), parkering.

Vidare oppover, bratt stigning (ca 40 min) til Vardevatnet og hytta Vardebu (800 moh).

Vidare går du utover til Vardefjellet (850 moh). Utsyn til store delar av Norddal og Stranda kommunar.

## **Trimpost 2 – Heggesætra (585 moh) – 3 poeng**

Parkering i Heggen. Følg skogsvegen ved elva. God sti. Kasse ved sel. Om lag 2 t. t/r

## **Trimpost 3 – Berilldalskoppen (914 moh) – 5 poeng**

Parkering på Nedstestølen (400 moh). Bru over elva, følg råsa som går mot nordvest, gå over ei klopp over Meierigrova, ta til høgre og hald fram opp brautene på venstre side av elva frå Berilldalskoppen. Etter 2-3 km. er det ei bru der du kryssar elva, hald så høgre side oppover skjervane. Om lag 3-4 t. t/r.

## **Trimpost 4 – Fremstevatnet (836 moh) i Valldalsbotnen – 5 poeng**

Parkering på Valldalsetra (380 moh) bomveg. Skilt viser vegen vidare. God sti. Jamn stigning heile vegen. Kasse ved varde i heimste ende av vatnet. Om lag 4 t. t/r.

## **Trimpost 5 – Heisætra (700 moh) – 3 poeng**

Parkering på Gudbrandsjuvet. Kasse ved hytte. Om lag 2 t. t/r

## **Trimpost 6 – Mefjellet, Fjørå (1100 moh) – 5 poeng**

Parkering på Hauge (400 moh). Følg setervegen opp til Nysetra, deretter merka sti til toppen av Mefjellet. Kasse ved varde. Om lag 3,5 t. t/r

## **Trimpost 7 – Heggurdalstølen, Fjørå (830 moh) – 5 poeng**

Parkering på Hauge (400 moh). Følg setervegen opp til Nysetra (800 moh), følg derifrå skilta til Heggurdalen. Stien er berre delvis merka, men lett å følge. Høgste punktet er Aksla (1000 moh), fin utsikt. Kasse festa på hytte. Om lag 4 t. t/r

## **Trimpost 8 – Trollkyrkjebotnen (1100 moh) – 5 poeng**

Fleire alternative ruter. Parkering i Heggen, på Gudbrandsjuvet eller på Hauge i Fjørå. Kasse ved steinhytte. Om lag 4 t. t/r

## **Trimpost 9 – Olavsvegen mellom Gudbrandsjuvet og Grønning (200 moh) – 1 poeng**

Parkering på Gudbrandsjuvet. Skilta. Om lag 1 t. t/r

## **Trimpost 10 – Brekka (775 moh) – 3 poeng**

Parkering på Valldalsetra, bomveg. Følg setervegen opp til Myklebustsetra. Følg deretter skilta til Brekka. God sti heile vegen. Det er også mogleg å gå frå Omenåsetra. Kasse ved hytte. Om lag 3 t. t/r

## **Trimpost 11 – Ormula (1418 moh) – 10 poeng**

Gå først til Jamtesætra og sti/ur opp til varden på toppen Om lag 7 t t/r

## **Trimpost 12 – Jamtefonna – 1 poeng**

Fin sti frå Jamtegarden til Uri. Gå gjerne vidare om Døving og til Syltemoa.

Kasse på staur mellom fonna og garden under Urikammen. Lett tur ca. 1 t. t/r

## **Trimpost 13 – Steindalsstølen (550 moh) – 2 poeng**

Følg skilting mot Tjønne frå Krikane. Obs- bomveg, kan evt parkere før bomvegen. Sæterveg frå parkering og opp. Ca 1-1,5 t t/r.

## **Trimpost 14 – Gjerdsegga (1140 moh) – 5 poeng**

Start ved Gjerde camping. Følg grusveg gjennom hyttefelt og vidare sti som fører opp til Gjerdsegga. Bratt terreng, jamn stigning. Fin utsikt frå toppen. Om lag 3 t. t/r

## **Trimpost 15 – Berdalsnibba (1343 moh) – 7 poeng**

Gå frå Klovset mot Vassdalen. På toppen før du går ned mot Vassdalen tar du mot høgspenteledning på høgre side, ca 1000 moh. Gå ryggen opp til Berdalsnibba. Ca 5 t. t/r

## **Trimpost 16 – Hogsta i Syltemoa (60 moh) – 1. poeng**

Fleire alternative vegar: Parkering ved Valldal skule, 1,5 km å gå frå leirduebana på Ødegard 300 m. Frå Døving 2 km. Frå alle alternativa er det god skogsveg (den gamle Olavsvegen gjennom ) Valldal. Kasse ved skilt merka Syltefjellet. Frå Hogsta kan ein gå den gamle ferdselråsa over Syltefjellet til Ytterli 400 moh.

## **Trimpost 17 – Tafjordsætra (516 moh) – 3. poeng**

Parker i Muldalsvika og følg stien til Muldal. Vidare frå Muldal går stien på høgre side av elva. Eit stykke lengre framme ser du Tafjordsætra på venstre side og kryssar brua. Om lag 3t t/r.

## **Trimpost 18 – Flyene (780moh) – 3. poeng**

Du kører framover Tafjorden og held fram mot Kaldhussetra der vegen deler seg. Litt etter du er ferdig med stigninga etter Kaldhusdalen er der ei lita opning og ein vegstubbe inn til venstre. Her parkerar du og startar turen (ca. 525 moh). Litt lenger framme går kraftlinja heilt inntil vegen. Ser du den er du på rett plass. Om lag 3,5t t/r. Du kan også starte turen ved Kaldhusseter Turisthytte (600 moh). Sjå UT.no for meir info.

Sponsa av: